

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 46/2006

Møtedato: 20.9.06

Arkiv nr:

## **Søknad om permisjon frå fjelloppsyn II**

Endre Hemsing skriv i brev datert 15.9.06 følgjande:

*Ved sida av 60 % stilling som fjelloppsyn II i Vestre Slidre har eg 40 % stilling som skogbrukskonsulent i Vang kommune. Ein medarbeidar på landbrukskontoret i Vang skal ha fødselspermisjon i eit år frå 1/1-2007. Eg har fått tilbod om å vikariere i 60 % av denne stillinga, slik at eg får 100 stilling i Vang kommune neste år. Eg har lyst til å takke ja til dette, både fordi det gjev meg nye utfordringar og fordi det styrkar meg fagleg også innan felt eg arbeidar med for Vestre Slidre fjellstyre. Eg søker derfor Vestre Slidre fjellstyre om permisjon for året 2007.*

Endre Hemsing har opplyst at han kan utføre delar av arbeidet som det er upraktisk for fjellstyret å lære opp andre i. Dette gjeld m.a. driftsplanarbeidet for hjortevilt, skuteroppsyn o.l.. Det kan også bli aktuelt at han tek på seg oppdraget for Vang fjellstyre.

## **Vedtak:**

Fjellstyret gir Endre Hemsing permisjon i samsvar med søknad på vilkår av at han kan utføre delar av arbeidet slik som opplyst. Nærare avtale om praktisk gjennomføring blir gjort med dagleg leiar.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 12.10.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Endre Hemsing